



ÅRSMELDING 2017

Styret har bestått av:

Nils Erik Eide (leiar), Gro Anett Espelvoll (nestleiar), Venke Særsten (kasserar), Tone Helen Halleraker (skrivarskrivar), Mathias Våg Skjold (styremedlem), Even Opsal (vara) og Daniel Roda Espelvoll (vara).

Styret har hatt møter/kommunisert via lukka Facebook-gruppe etter behov. Før arrangement har styret møtt og planlagt arrangementet. I samband med PubQuiz i november var det også i år evalueringsmøte saman med MUL. Det har fungert veldig godt.

I fjar var siste året VUL støtta idrettshallen med midlar. Det har jo dei siste åra vore hovudmålet til styret å skaffe nok pengar til vår avtalte støtte til idrettshallen i Vikedal.

Men det betyr ikkje at VUL ikkje støttar andre prosjekt i bygda. VUL har dette året støtta leikeplassprosjektet «Med hjartet på rette staden» med heile 60.000 kr, dette fordelt over fire år (alt utbetalt i 2017 grunna spelemiddelsøknad). I tillegg stod laget som søker til Spirafondet, der me fekk heile 100.000 kr til dette prosjektet. Det var Stina Golf som førte penne i vårt namn, noko me er veldig glade for. Leikeplassen byrjar å ta form og det er full aktivitet der kvar dag. Nå er det del 2 av prosjektet som skal gjennomførast, VUL ser fram til å sjå resultatet.

I tillegg til dette så har VUL støtta kunstgrasbaneprosjektet i Vikedal.

12.juli arrangerte VUL, tradisjonen tru, barne – og ungdomsdisko, på Vikedal Bygdahus. Dette var eit kjekt arrangement, det gav greie pengar i kassen. Ungane såg ut til å kosa seg med dans og konkurransar. Takk til DJ Jørgen for god hjelp med musikken.

Kaptein Hjørnetann vart også dette året ein suksess under dagarrangementet på Sommarfestivalen i Vikedal. I år var me så heldige å få med oss Moa Hundseid, eventyraren frå Vikedal. «Kaptein Hjørnetann og jakten på Moa» stod det på plakaten, og gjett om mange møtte opp for å hjelpe Kaptein Hjørnetann å finne ho, og ikkje minst sjå ho gå planken.

VUL har også dette året hatt god inntekt på utleige av lyd. – og lysanlegg. VUL gjekk til innkjøp av to lyskastarar som har vore populære, og som har gitt laget vårt enda meir muligheter når me leiger ut anlegget.



...for ei aktiv bygd!



V.U.L har søkt og fått desse midlane:

- Frifondmidlar: 13.760 kr
- Driftstilskot Vindafjord kommune: 10.000 kr
- Mva kompensasjon: 2.400 kr
- Spirafondet, Etne Sparebank: 100.000 kr

Grasrotandelen gav oss ikkje så mykje som i 2016 (7.139 kr), men me fekk inn ein veldig god sum likevel, heile 5.277 kroner. Det er me veldig nøgde med. Styret må halda fram med å rekruttera fleire til å velja Vikedal Ungdomslag som grasrotmottakar. Dette er midlar som kjem vel med.

VUL stilte med 5 representantar på Vikedal Bygdahus sitt årsmøte.

VUL arrangerte også i år PubQuiz saman med Midtbygdens Ungdomslag i november. Me fekk eit godt overskot, som me då delte likt med MUL. Det var ca 100 deltagarar på Quiz'en, som også i år blei leia av Quizmaster Solgunn Liestøl. Etter quiz'en kom det ca 85 personar. Skjenkekontrollen var på besøk med to mann, dei leverte ein rapport som MULVUL kan vera stolte av. Ingen merknadar, heller skryt. Me samarbeidd med FYK, som spelte gratis grunna lån av anlegg i løpet av året, og dei leverte, som alltid.

Styret i VUL har representert laget på to arrangement i regi av Sandeid UL også dette året., «Putti Plutti Pott» og «Elvis, Elvis, Elvis...Musikken som aldri går av moten». VUL takkar for invitasjonane og gratulerer Sandeid UL med to gode arrangement.

Eg vil nytta høvet til å takka styret for året som gjekk og ser fram til eit nytt år. Ekstra takk til Even Opsal, som går ut av styret etter mange år som styremedlem i laget.

Takk for i år!

05.03.18

Nils Erik Eide

Leiar Vikedal Ungdomslag